



Eigedom Roseth ligg i krysset mellom riksvegen og Børnes-vegen (bruksnummer 14).

Kommunen har no fått førespurnad frå ein grunneigar om den vil overta ein eigedom ved Børnes industriområde.



Eli Roseth Eik har skreve til kommunen om den vidare bruk av eigedom Roseth og opplyst at hennar far Sigvald Roseth, døydde før jul i fjor. Difor har dei kome i den situasjon at huset er gammalt, 50 år, og fråflytta. Eli Roseth Eik held fram:

'Gjennom aviser og uskedalen.no er vi kjende med at det er auka aktivitet i industrifeltet. Vi reknar difor med at kommunen, ut frå det som tidlegare er skreve, vil nytta høvet og overta eigedom. Eg ber om snarleg avgjerd slik at vi kan avslutta skiftet'.

Eigedomen Roseth ligg ved krysset mellom riksvegen og vegen ned i Børnes industriområde (gnr. 134/bnr.14) Då kommunen i 1977 la fram reguleringsplan for Børnes opplyste teknisk etat at dei to eksisterande bustadane i området også var tenkt til industri fordi området ville bli lite attraktivt som bustadområde når det vart utbygt.

Men teknisk etat la til at det ikkje var meininga at dei to husa skulle tvangsrivast 'men at husa når dei blir gamle automatisk blir fråflytta og overtatt av kommunen eller ei industribedrift', som det heitte i saksutgreiinga. Teknisk etat la til at husa om mogeleg i framtida kunne nyttast til vaktmeisterbustader.

Av Ola Matti Mathisen